



Professor Dag Helland var kveldens kåsør

Sjølvs om professor Dag Helland ikkje kunne svara på spørsmålet om kva kultur er i kåseriet sitt i Bøkkerveld nummer 16, er ikkje vi i tvil: Det som vart servert var kultur på eit svært høgt nivå. Heldigvis kom det 40 og dei hadde ein stor kveld. Faktisk er det heller ikkje plass til fleire.

Og når primus motor Kristian Olav Bringedal innrømmer at han no slit tungt med desse kveldane håpar vi han får hjelp slik at han ikkje gjev opp.



Jazzbandet har aldri vore så bra som ikveld

Med all respekt for kåsøren: Det var jazzbandet som sette prikken over ien og då framfor alt supertrompetisten Are Ovesen som ligg i Noregstoppen. Han opna med ein trompetsolo frå verkstadtoppen som slo an strengene hos dei bergensfrelste: **Utsikt fra Fløyen**.

Møtelyden var samla på kaia der også ein staseleg siglar låg. Kaika har vore buplass for Olaf Johan Kristiansen i Haugesund i 2 år og namnet tyder den som går utan lyd.



Bjarne Øymyr med kveldens motto

Dei andre musikarane var utretteleg trommis Kjell Borge Olsen, sonen Leif Henrik på gitar,, Stein Haugen på bass og Bjarne Øymyr på tangentar og vi fornærmar ingen ved å berømme også den siste for ein stor kveld. Over kveldens repertoar hadde han skreve THE BØKKER SONGBOOK. Kanskje det kan bli eit framtidsmotto over desse kveldane?

Når det så gjeld kåsøren var han så sprudlande god som ein kåsør skal vera. Heller ikkje han har funne noko enkelt svar på kva som er kultur er og har logisk kome til at det er alt.

Det er til dømes å kose seg med lubbesild og potet med skalet på. Sjølv debutantar tykte ikveld at denne gamle husmannskosten er ein delikatesse. Og hugs at alt kan etast. Det kan og skinnet som er rein protein! Vi har det frå professor Helland!

Foto og tekst: Ola Matti Mathisen



Samling på kaia før start